

Fjordvarme AS

AKSJEKJØP

Nordplan AS har lagt fram bod til Eid kommune på 51% av aksjane i Fjordvarme AS. Eid kommune eig i dag ca 88% av aksjane i verksemda, men har tidlegare gjort vedtak om å opne for å redusere eigardelen i selskapet ned mot 34%.

Fjordvarme AS vart stifta i 2004, med føremål om å drifte fjordvarmeanlegget på Nordfjordeid og tilby rådgjevingstenester. Selskapet har i dag tre tilsette.

Nordplan AS er eit arkitekt- og ingeniørfirma innanfor konstruksjon, samferdsel, plan og arkitektur. Verksemda har hovedkontor på Nordfjordeid og avdelingskontor i Ålesund, Vågå, Førde og Stryn. Omsetninga ligg på ca 50 mill kr i året, og det er 48 tilsette.

For Nordplan AS representerar Fjordvarme AS eit svært interessant fagmiljø innanfor energisektoren. Fornybar energi vil bli eit stadig viktigare område etter kvart som tiltak for reduksjon av utslepp frå fossil basert energi blir iverksett. Erfaringa som Fjordvarme AS har frå drifta av fjordvarmeanlegget på Nordfjordeid er nyttig for framtidige kundar av verksemda.

For Eid kommune er det viktig at Fjordvarme AS blir vidareutvikla på ein måte som sikrar lokalt forankra verdiskaping og eigarskap, samtidig som selskapet får inn eigarar med rett kompetanse til å utvikle selskapet vidare.

Formannskapet i Eid innstilte torsdag 22. januar samrøystes på at Eid kommune godtar kjøpstilbodet frå Nordplan. Endeleg avtale mellom Eid kommune og Nordplan AS skal godkjennast av kommunestyret.

Sjølv infrastruktur til fjordvarmeanlegget på Eid ligg i eit eige kommunalt foretak, Fjordvarme KF. Dette foretaket vil framleis vere 100% eigd av Eid kommune.

Kontaktpersonar:

Nordplan AS – dagleg leiar Arne Steinsvik

Eid kommune – ordførar Alfred Bjørlo